

UTTALELSE:

MEIR NORDEN I SKULEN

Språk er ikkje berre grunnleggjande for kommunikasjon, men det er avgjerande for å få kjennskap til kultur, litteratur og historie. Kjennskapen til grannespråka i Norden vert dårlegare og språklege barrierar vert større mellom landa. Konsekvensen vert ofte at folk lyt ty til andre framandspråk for å kunne snakke saman, der særleg engelsk gjer seg gjeldande mellom folk med eit skandinavisk morsmål.

Den språklege fellesskapen speler ei viktig rolle i det nordiske samarbeidet, særleg innanfor det skandinaviske språkområdet. Målet må vere å auke kjennskapen til dei andre nordiske språka og på denne måten kunne lære meir om kulturen, få tilgjenge til litteraturen og framfor alt kunne auke sin eigen mobilitet.

Gjennom informell undervisning i skolan kan ein motivere og inspirere elevar til å ta del i nordisk språk og kultur. Dette kunne skje ved i større grad å innlemme nordisk film, musikk og kultur i skoleundervisninga og opplyse om nordiske arbeids- og studiemoglegheiter i studieveiledinga.

Foreningerne Nordens Ungdomsforbund ynskjer difor at kjennskap til grannespråka og -kultur vert prioritert og at dei enkelte landa lever opp til dei nasjonale læringsplanene. Dessutan oppmodast det til at skoleklasser i Norden får ein venskapsklasse i eit annat nordisk land.



Med venlig hilsen - Vänliga hälsningar - Bestu kveðjur

Iris Dager

Ordförande

+46 (0)70 8993538

iris@fnuf.org

www.fnuf.org



Foreningerne Nordens Forbund | www.fnnorden.org
Snaregade 10A | 1205 København K | Danmark

Ved spørsmål kontakt FNUF's generalsekretær Jonas Roelsgaard
+45 51 41 14 81
koordinator@fnuf.org